

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Referat frå studenttingsmøte 21.03.18

Tid 21.03.18 kl 17.00-19.30

Stad Kaarstad 202

Til stades med **AHL:** Lillian Gåsemyr (H), Andrea Larsen (V)

stemmerett: **AKF:** Sigmund Bratlie (H) tom. sak 54.

AMF: Marion Kristine Gustavsen (H), Tormod Malvin Sæther (H)

ASH: Alexander Økland (H), Trond-Fredrik H. Hoddevik (V)

FR: Natalie Beitveit (H) Ane Buner (H)

Til stades utan **AU:** Simen Langeland, Oda Næs Skoglund

stemmerett: **Andre:** Marit Aklestad (referent), Tonje Nordrum (ordstyrar), Nikolai Hannevik Nordlid (stud.repr. i Høgskulestyret)

Forfall Sara Bergland (AHL), Trym Nikolas Rimmen (AKF), Andrea Fremmerlid (ASH), Allan Levi Melby (FR), Håvard Bjørnerem (AU), Guro Kvist (AU), Paloma Lorenzale (AU), Sergei Levcenco (kontrollkomite).

Saksliste	Type sak
Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
Sak 49 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
Sak 50 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
Sak 51 – Orienteringar	Orienteringssak
Sak 52 – Revidering av vedtektene til Pris for internasjonisering	Vedtakssak
Sak 53 – Omval, studentrepr. frå SiVolda til juryen for studentprisen 208	Vedtakssak
Sak 54 – Namneendring, Studenttinget	Vedtakssak
Sak 55 – Strategiplan for Studenttinget 2018-2022	Vedtakssak
Sak 56 – Årleg arbeidsprogram for Studenttinget 2018-2019	Vedtakssak
Sak 57 – Resolusjon – Utdanning er ikke en vare, men en rettighet	Vedtakssak
Sak 58.1 – Eventuelt: avgiftsparkering på HVO	Orienteringssak
Sak 58.2 – Eventuelt: endring av møtedato for april-møtet	Drøftingssak
Møtekritikk	

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 00 – 17/18 Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

9 røysteføre. Studenttinget er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

AU innstilte på Tonje Nordrum som ordstyrar.

AU innstilte på Marit Aklestad og Nikolai Hannevik Nordlid til teljekorps.

Vedtak:

Tonje Nordrum vart vald til ordstyrar.

Marit Aklestad og Nikolai Hannevik Nordlid vart valde til teljekorps.

Sak 49 – 17/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Merknader til innkallinga: Det vart påpeika viktigheita av at alle melder forfall til organisasjonskonsulenten, og at kontrollkomiteen ikkje møtte, noko som bryt med vedtektene.

Merknader til saklista: det vart meldt inn 2 eventuelt-saker.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner innkallinga, med ovanstående merknader.

Studenttinget godkjenner saklista, med ovanstående merknad.

Sak 50 – 17/18 Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet m/ vedlegg frå sist studenttingsmøte, 28. februar 2018.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 51 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Arbeidsutvalet v/nestleiar Oda Næs Skoglund orienterte om fylgjande saker, og det var høve til å stille spørsmål:

- SHoT-undersøkinga: utsett svarfrist til 3. april. Hittil svarprosent 29 %, bra men kan bli betre.
- Miljøfyrtårn. Innspel til arbeidsgruppa kan sendast til Lillian og Simen.
- Val av nytt AU på studenttingsmøte 24. april
Innspel: veldig viktig at dette møtet vert promotert godt, sidan det er val til både AU og styret i samskipnaden.
- Invitasjon til årsmøte SAIH 28.-29. april
- Oppfølging av studiebarometeret 2017: Allmøte 5. april kl 14-15.30, Kaa 204
- FoU-prisen. Frist for nominasjon 15. april

Nikolai Hannevik Nordlid informerte frå høgskulestyret:

- Studiebarometeret
- Avdelingsstruktur
- Studentrepresentantane i Høgskulestyret ønskjer god dialog med Studenttinget, og vil gjerne ha innspel frå Studenttinget.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 52 – 17/18 Revidering av vedtektene, Pris for internasjonalisering

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

I arbeidet med utdeling av årets Pris for internasjonalisering, såg arbeidsutvalet behov for ei oppdatering og justering av vedtektene til Prisen. AU har difor utarbeidd forslag til reviderte vedtekter.

Vedlegg nr. 2: Gjeldande vedtekter Pris for internasjonalisering og forslag til reviderte vedtekter

Forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner framlagt forslag til reviderte vedtekter for Pris for internasjonalisering.

Votering: einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner reviderte vedtekter for Pris for internasjonalisering.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 53 – 17/18 Omval, studentrepresentant frå SiVolda til juryen for studentprisen 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Tormod Smedsvig har trekt seg som jurymedlem for Studentprisen 2018, og Studenttinget må velje ein ny studentrepresentant frå styret i SiVolda.

Følgjande personar er studentrepresentantar og varer i styret i SiVolda, og såleis valbare: Karoline Strand, Svend Andreas Aspaas, David Fiskaa, Pernille Røe og Håvard Bjørnerem.

Forslag til vedtak:

AU innstiller på at Karoline Strand vert jurymedlem

Votering: akklamasjon

Vedtak:

Karoline Strand vart vald til jurymedlem for Studentprisen 2018.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 54 – 17/18 Namneendring, Studenttinget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland

AU har sett behov for å gi Studenttinget eit namn som når fleire studentar enklare, og som kan kvitte oss med forkortinga STiV. Ei eventuell endring vil først kunne tre i kraft frå hausten 2018.

Innmelde namneforslag:

1. Volda Studentparlament
2. Studentparlamentet i Volda
3. Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda
4. Studenttinget i Volda

AU sitt forslag til vedtak: Studenttinget i Volda endrar namn til «Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda. Kortform: «Studentparlamentet».

Sigmund Bratlie fremja følgjande forslag: Studenttinget i Volda endrar namn til «Studentparlamentet i Volda»

Votering: dei to forslaga vart sett opp i mot kvarandre. AU sitt forslag fekk 4 røyster, Bratlie sitt forslag fekk 4 røyster, og ein røysta avhaldande.

Det vart fremja forslag om å opne debatten igjen, som vart godkjent.

Alexander Økland fremja utsettingsforslag: saka vert utsett til neste møte.

Utsettingsforslaget vart vedteke med 6 mot 3 stemmer.

Vedtak:

Saka vart utsett til neste møte.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 55 – 17/18 Strategiplan for Studenttinget 2018-2022

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Strategiplanen til Studenttinget i Volda, som går over ein 4-års periode, skal fornyast. AU føreslår samtsundes å endre namn frå Strategiplan til Prinsippprogram.

Forslag til vedtak:

1. Studenttinget vedtek framlagt forslag til nytt Prinsippprogram for perioden 2018-2022 for Studenttinget i Volda
2. Redaksjonelle endringar i vedtektene til Studenttinget som fylgje av namneskifte frå strategiplan til prinsippprogram, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak:

1. Studenttinget vedtek framlagt forslag til nytt Prinsippprogram for perioden 2018-2022 for Studenttinget i Volda.
2. Redaksjonelle endringar i vedtektene til Studenttinget som fylgje av namneskifte frå strategiplan til prinsippprogram, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte.

Sigmund Bratlie fekk permisjon.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 56 – 17/18 Årleg arbeidsprogram for Studenttinget 2018-2019

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Simen Langeland

AU la fram forslag om å utsetje vedtak av årleg arbeidsprogram til hausten.

Forslag til vedtak:

1. Saka vert utsett til haustsemesteret 2018.
2. Endringar i vedtektene til Studenttinget som fylgje av å leggje vedtak av årleg arbeidsprogram til hausten i staden for våren, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte.

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak:

1. Saka vert utsett til haustsemesteret 2018.
2. Endringar i vedtektene til Studenttinget som fylgje av å leggje vedtak av årleg arbeidsprogram til hausten i staden for våren, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 57 – 17/18 Resolusjon – Utdanning er ikke en vare, men en rettighet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Studenttinget har blitt oppmoda frå NSO og SAIH til å vedta resolusjonen «Utdanning er ikke en vare, men en rettighet».

Forslag til vedtak:

Studenttinget i Volda vedtek resolusjonen *Utdanning er ikke en vare, men en rettighet*.

Votering: einstemmig vedteke

Vedtak:

Studenttinget i Volda vedtek resolusjonen *Utdanning er ikke en vare, men en rettighet*.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 58.1 – 17/18 Eventuelt: Avgiftsparkering ved HVO

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Oda Næs Skoglund orienterte om saka om å innføre parkeringsavgift for tilsette og studentar ved HVO, som er lagt ut på høyring med frist 12. april. Saka vart delt ut i møtet. Diverre fekk AU saka for seint til å kunne føre ho opp som ordinær sak på dagens møte. AU oppmoda difor representantane til lese grundig igjennom og kome med innspel til AU innan 6. april. AU vil deretter utarbeide eit høyringssvar innan fristen.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18



Sak 58.2 – 17/18 Eventuelt: Endring av møtedato for april-møtet

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Natalie Beitveit/Marion Gustavsen

Fleire i Studenttinget har vanskar med å møte den planlagte datoen 24. april. Å framskude møtet til tidlegare i april, kan gjere det vanskeleg å promotere val av nytt AU og styre i samskipnaden godt nok, og AU får knapp tid til å førebu sakene. Samstundes er det viktig at ikkje møtet blir lagt for langt ut i mai, då det er ein hektisk ekamensperiode, og vil korte ned på overlappsperioden for av- og påtroppande AU.

Studenttinget kom fram til å flytte møtet til første eller andre veka i mai. Endeleg dato blir avtalt i fb-gruppa.

Møteslutt kl 18.45

Marit Aklestad, referent

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

